

# ÅRSMELDING 2024

ALPINGRUPPA

Styret i alpingruppa har vore samansett slik :

Anders Engeland	Leiar
Mari Janne Henden	Styremedlem
Øystein Lødøen	Styremedlem
Marianne Kjørstad	Styremedlem
Peder Felde	Styremedlem

## Møteaktivitetar :

Det har ikkje vore nokon møteaktivitet i alpingruppa dette året. Ting vert ordna via mail, SMS og på dugnadar.

Vi har dei siste åra forsatt med å ta på oss kretsrenn, og arrangere Telenorrenn . Dette for å prøve å halde oppe alpininteressa. Vi vil også i lag med skisenteret arrangere nybyrjarkveldar for vaksne.

Aktivitetar på ski : Vi gjennomførte 3 Telenorrenn , der det til saman deltok 162 barn i alderen 03 – 12 år. Dette er eit svært godt rekrutteringstiltak, som vi håpar på sikt skal gje nye aktive alpinistar.

Det var og planlagt at vi skulle arrangere eit terminfesta krinsrenn i slalom, men dette vart dessverre avlyst i to dagar før rennet , grunna dårleg veir og forholda i bakken.

Laurdag 9.mars vart det for fyrste gong arrangert eit skirenn som var terminfesta i alle skigreinene i Sogn og Fjordane. Vi kalla det for Harpefossrennet. !Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Stårheim IL skiskyttar gruppa og Haugen IL Ski. Det vart svært godt motteke, og skikrinsen vil sette det opp på terminlista for 2024/2025.

Det vart og gjennomført tre kveldar med alpinks kurs for EID IL si allidrettsgruppe, der til saman 70 barn deltok.

Aktive:

Ved utgangen av 2024 har vi 4 aktive løparar :

Johannes Strøm og Aksel Dalset Lødøen.

Trym Dalset Lødøen. I 2024 har han starta i 9 World Cup renn , der den beste plasseringa var ein 5 plass . 4 Startar i E-Cup-renn , der den beste plasseringa vart ein 5 plass. I NM 2024 på Lillehammer hadde han ein 2 plass og ein 3 plass.

Andrine Mårstøl. Sesongen 2024 har ho ho starta i 11 WC- renn der den beste plasseringa vart ein 10 plass. E-cupen har ho i 2024 13 startar, med besteplassering vart ein 10 plass..

Vi prøvar å halde oppe trykket med å arbeide for alpinsporten, men vi har ikkje fleire.

Andre aktivitetar : Laurdag 23. november arrangerte Haugen IL Ski (langrenn og alpin) bruktskialg. Dette er andre året vi i felleskap gjer dette. Tiltaket er svært populært!

Dugnadar : Også i 2024 deltok vi på Malakoffdugnaden. Men, det vert vanskelegare og vanskelegare å klare å stille med nok mannskap. Ut frå signale vi får inn, så kan det sjå ut som dette dessverre er siste gongen vi er med !

Dugnadsprosjekt nr. 2 er Harpefossen skisenter. Oppgåvene der vert ikkje færre. Vi står på og hjelper skisenteret med den viktige oppgåva med å oppretthalde det gode tilodet og kvaliteten til innbyggjarane i Stad kommune og Nordfjord.

09.mars 2025  
For Alpingruppa  
Anders Engeland  
Leiar

